

# **Nokre merknader til sunnmørsk intonasjon**

Jardar Eggesbø Abrahamsen

Oppgave i LING9, intonasjon  
Den allmennvitenskaplege høgskolen  
Universitetet i Trondheim  
Hausten 1995

## **Innhald**

1. Innleiing .....	1
2. Grunnleggjande struktureringar.....	2
2.1. Fot, ordaksent og fraseaksent .....	2
2.2. Fokale og ikkje-fokale føter.....	8
2.3. Identifisering av IU.....	13
3. Nokre prosodiske fenomen i sunnmørsk.....	14
3.1. Foteksterne stavingar .....	14
3.2. Oksytonering.....	16
3.2.1. Evidens i foteksterne stavingar .....	18
3.2.2. Evidens i opphopp.....	20
3.3. Trykk og aksent.....	21
4. Nokre konklusjonar.....	23
Litteratur .....	24

## 1. Innleiing

Frå starten av og fram til vår tid har intonasjon vore sett på som ein heller perifer lingvistisk disiplin her til lands, og den forskinga som har vore, har ofte vore reint fonetisk orientert. Vidare har ein i norsk/nordisk prosodi stort sett konsentrert seg om dei to morfoleksikalske ordtonane (tonema) og realiseringa av dei.

Thorstein Fretheim ved Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim, var den som byrja arbeidet med den pragmatisk og fonologisk tufta Trondheimsmodellen for norsk intonasjon, og Randi A. Nilsen har sidan ytt sitt for å vidareutvikla Trondheimsmodellen, m.a. gjennom dr.art.-avhandlinga si (1992).

I denne litle oppgåva vil eg sjå litt på nokre sider ved sunnmørsk intonasjon. Sunnmørsk, som eg har morsmålskompetanse i, skil seg frå tidlegare forskning ved at det her dreier seg om ein høgtonedialekt.<sup>1</sup> Både Nilsen (t.d. 1992) og Alnæs (1916) tek utgangspunkt i lågtonedialektar, og det er også lågtonedialektar som ligg til grunn for måten Thorstein Fretheim i utgangspunktet strukturerte Trondheimsmodellen på. Det einaste som er gjort av nyare prosodisk forskning på høgtonedialektar, er ein sytten siders artikkel om romsdalsintonasjon (Fretheim og Nilsen 1989).

Det er ikkje meininga å kartleggja sunnmørsk intonasjon med alle sine djupner. Eg vil avgrensa meg til å trekkja fram nokre sider ved strukturering av sunnmørsk innanfor Trondheimsmodellen. Eg vil setja føre kjennskap til Trondheimsmodellen i det som eg skriv, men ryd likevel plass til å oppsummera modellen snøgt på denne måten:

Trondheimsmodellen er ein hierarkisk modell som tek utgangspunkt i dei prosodiske einingane **tonal fot (F)**, **intonasjonsfrase (IP)** og **intonasjonsytring (IU)**. Den tonale foten er [±fokal]. Måten fokaliteten er fordelt på, prosodisk og syntaktisk, tilordnar tema/remastruktur<sup>2</sup> med tilhøyrande informasjonsverdiar til delar av ytringa. Ein fokal fot dannar grensa for IP-en, som under den prosodisk-syntaktiske koplinga avgrensar fokusområdet i det syntaktiske hierarkiet. Trondheimsmodellen har reglar både for fokusprojeksjon og for korleis fokus vert tolka. Det notasjonssystemet som er utarbeidd, tek vare på den prosodisk-hierarkiske strukturen, og viser samstundes kva for eit (morfoleksikalsk) tonem dei einskilte føtene er realiserte med.

Eg skal halda meg til den fonologiske/fonetiske sida, og ikkje blanda inn so mykje pragmatikk.

Eg vil nytta introspektive metodar i kombinasjon med akustiske registreringar. Det er eg som har lese inn alle konturane i døma, med unnatak av éin som er spesielt nemnd. Ettersom det til no ikkje har vore praktisk mogeleg for meg å granska systematisk større korpora, må ein sjå

---

<sup>1</sup>Fretheim og Nilsen (1989:442) definerer 'høgtonedialekt' som «a dialect exhibiting a pitch PEAK at the point in the TONAL FOOT where it is possible to discriminate the two pitch accents, Accent 1 and 2», dette i motsetnad til lågtonedialektar, der ein i staden finn «a pitch TROUGH».

<sup>2</sup>Nilsen (1992:56ff) drøfter tema og rema som termar. I Trondheimsmodellen sin terminologi vil dei svara til respektive 'gjeven informasjon' og 'ny informasjon'.

på denne undersøkinga meir som eit pilotprosjekt enn ei endeleg skildring. Referanseråmene vil vera Trondheimsmodellen slik han er presentert i Nilsen (1992), som eg difor kjem til å visa til ofte.

## 2. Grunnleggjande struktureringar

### 2.1. Fot, ordaksent og fraseaksent

Hovudet i ein tonal fot (heretter ofte: F) er den delen av ei ordform som har eit realisert tonelag; denne realiseringa skjer fyrst i foten. Som storparten av norsk talemål skil ogso sunnmørsk mellom to tonelag.

Tonelagsrealiseringa er det som gjerne vert omtala som **ordaksent**, medan det på den siste stavinga i foten vert realisert ein **fraseaksent** som i *austnorsk* er høg (Nilsen 1992:26). Når foten slik vert avgrensa mot høgre av fraseaksenten og ikkje ved at neste staving skal innehalda ein ny ordaksent, so vert det teke omsyn til foteksterne stavingar som kan koma mellom dei to føtene (Nilsen 1995:114).

Eg skal visa at det i sunnmørsk ikkje finst nokon høg fraseaksent, og me skal sjå at det kan vera eit problematisk spørsmål i kor stor grad ‘fraseaksent’ er eit brukande omgrep; eg vel likevel å rekna med at det finst fraseaksent på sunnmørsk. Eg vil sidan kommentera foteksterne stavingar, men nemner allereie her at ytringsinterne<sup>1</sup> foteksterne stavingar vil ha ein høg tone; og foteksterne stavingar etter siste foten fær grensetonen (H eller L). På denne måten skal me avgrensa ein sunnmørsk fot ved å knyta honom direkte til realiseringa av tonelag og fraseaksent slik:

Distribusjonen av tonelaga er morfoleksikalsk bunden, men realiseringa knyter seg til foten. Ein tonem 1-fot vil ha tonerørsla HL, ein tonem 2-fot vil ha tonerørsla LHL. Spørsmålet som knyter seg til omgrepet ‘fraseaksent’, er då om denne siste L, som er sams for begge tonelaga, skal sjåast på som del av ordaksenten eller som ein eigen fraseaksent. Eg vel altså å rekna med ein eigen fraseaksent.

Ein tonem 1-fot kan vera på éi eller fleire stavingar. Er han på éi staving, vil tonane HL verta realiserte som eit fall innanfor den stavinga; er foten på minst to stavingar, vil H som ein hovudtendens verta realisert på den fyrste stavinga, og L på resten av stavingane i den foten. Me kan òg få eit fall innanfor fyrste stavinga, men eg har i denne stutte utgreiinga ikkje hatt høve til å undersøkje nærare kva som eventuelt styrer denne variasjonen.

Ein tonem 2-fot kan vera på *to* eller fleire stavingar. Er han på to stavingar, kan han realiserast på to måtar. Anten vil tonane LH verta realiserte som ei stiging innanfor den fyrste stavinga, medan fraseaksenten L hamnar på andre stavinga, eller so vil H koma saman med

---

<sup>1</sup>Eg vil i oppgåva skilja mellom ytringsinitiale (fremst i IU-en), ytringsinterne (lenger inne i IU-en) og ytringsfinale element (sist i IU-en).

fraseaksenten L i andre stavinga og skapa eit fall der (HL). Den fyrste fordelinga (LH+L) finn me i fokale føter og føter i eit deklinasjonsområde, den andre fordelinga (L+HL) finn me elles. Er foten på minst tri stavingar, vil L i ordaksenten verta realisert på den fyrste stavinga, H på den andre, og fraseaksenten L på resten av stavingane i den foten.


Ein F vert då avgrensa mot høgre ved at fraseaksenten ikkje spreier seg til høgre for fotgrensa. Derimot spreier han seg mot vinstre til alle stavingane som ikkje ber på ordaksenten, dersom me gjeng ut ifrå at fraseaksenten er knytt til siste stavinga i F-en, som i austnorsk. Ein skilnad frå austnorsk her er at den *høge austnorske* fraseaksenten ikkje spreier seg mot vinstre. I austlandsk vil ein då få ein monotonisk stigande melodi som eit interpolerande F0-kontinuum mellom ordaksenten (L, HL) og fraseaksenten (H), medan ein i sunnmørsk vil ha ein jamn låg tone (L) heile vegen etter ordaksenten (H, LH) og ut foten. Ut ifrå dette kan me altså ikkje seia for visst om den sunnmørske fraseaksenten primært høyrer heime til høgre i foten med spreieing mot vinstre, eller om han primært høyrer heime rett etter den høge tonen med spreieing til høgre. Dermed kan me heller ikkje utan drøfting seia om han fortener status som eiga aksenteining skild frå tonelagsrealiseringa.

I dei fonologiske strukturane i (1–4) under har eg vurdert det slik at nivået *prosodisk ord* ikkje er so viktig i presentasjonen at eg vil taka det med.


- (1) Tonem 1-fot med éi staving.




- (2) Tonem 1-fot med meir enn éi staving.



(3) Tonem 2-fot med to stavingar.




(4) Tonem 2-fot med meir enn to stavingar.




I døma (5–10) under er kvar fotgrense merkt med ein loddbein strek i figurane. I tillegg til F<sub>0</sub>-konturane tek eg med spektrogram for å gjera det lettare å orientera seg (eg vil altso ikkje leggja vekt på den tekniske kvaliteten på spektrogramma). Eg vil transkribera etter vanleg rettskriving, men til grunn ligg desse segmenta: /<sup>1</sup>by:i/ ‘byen’, /<sup>2</sup>by:a/ ‘byar’, /<sup>2</sup>by:ə/ ‘byane’, /<sub>1</sub>vo:r/ ‘vår’, /<sub>1</sub>vo:re/ ‘våre’, /<sup>1</sup>brəŋ/ ‘brann’, /<sup>1</sup>breŋe/ ‘brenn’, /<sup>2</sup>læŋʒe/ ‘lenge’. Konturane er stundom noko merkte av støy og svekt talesignal. Eg tek med desse figurane og døma som illustrasjonar, og dei dekkjer ikkje alle sunnmørske intonasjonsmønster. Det er reint pedagogiske grunnar til at eg i dei fyrstkomande konturane ikkje har nytta høg grensetone.


(5) (((<sup>1</sup>byen<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brann<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)




(6) (((<sup>1</sup>byen-vår<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brann<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)




(7) (((<sup>2</sup>byar<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brenner<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)




(8) (((<sup>2</sup>byar<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brenner<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)



(9) (((<sup>2</sup>byane-våre<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brenner<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)



(10) (((<sup>2</sup>byane-våre<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>brenner<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LENGE<sub>F</sub>)IP)IU)



## 2.2. Fokale og ikkje-fokale føter

Ein IP vert avslutta av ein fokal F. I austnorsk vil fokaliteten vera realisert ved ein relativt høg fraseaksent, stinginga i siste stavinga i foten er altså større enn i ikkje-fokale føter. Denne høge fokustonen vert gjerne rekna som eit prosodisk universaltrekk.

Fretheim og Nilsen (1989:444) snakkar soleis om at både høg- og lågtonedialektar har realiseringar av «peak of focal prominence» (PFP):

These feet are focal feet, and the ones that lack a PFP are nonfocal. The reference to a «peak» suggests that we consider the PFP to be a F0 maximum within the focal foot in all regional varieties of Norwegian intonation.

Medan lågtonedialektar har denne PFP saman med fraseaksenten, gjeld det for høgtonedialektar at PFP «will have to coincide temporally with the high-pitched part of the nucleus», altså under realiseringa av ordaksenten (H, LH).

Som illustrasjon brukar dei ein informant frå Nordfjord. Informantar som eg har hatt frå Nordfjord og Ytre Sogn, stadfester at PFP der vert realisert som ein ekstra høg H i ordaksenten. Men eg vil hevda at i sunnmørsk er biletet noko meir samansett.

Som dømeytringar vil eg nytta (11) og (12). Frå no av tek eg ikkje med spektrogrammet. Eg vil skissera to situasjonar, i begge har B måla ei løe i Trondheim.

*Situasjon a:*

A: «Kva har du gjort?»

B vil då svara med (11).

*Situasjon b:*

A: «Har du måla ei løe i Trondheim?»

B vil svara med (12), der 3. foten (løe-i) fær rematisk fokalitet, noko han ikkje fær i (11). Segmentalt er begge /<sup>1</sup>ei: he <sup>2</sup>ma:la æi <sup>2</sup>lø:de i <sup>2</sup>trundhæi:m/.


Etter (11) og (12) å døma vil fokaliteten verta realisert ved at heile den fokale foten ligg lægre enn føtene framføre. Av pragmatiske årsaker er det ikkje mogeleg med fleire enn to fokale føter i ein IU. I ein IU med éin fokal F (og dermed med éin IP), som i (11), vil den fokale F vera den som har dei lægste F0-mælingane.

I (12) har me to fokale føter. Den fyrste av dei ligg, som i (11), lægre enn dei ikkje-fokale føtene framføre, men den siste har ein veldig høg H til samanlikning, på lag like høg som i fyrste foten.<sup>1</sup> Dette er berre eit utslag av at me her byrjar på ny deklinasjon, og me ser at fraseaksenten er like låg som i tredje foten, og lægre enn i fyrste.


---

<sup>1</sup>I (12) ser det ut som om siste foten byrjar veldig høgt, men dette er berre støy frå sambandet /tr/.

(11) (((<sup>1</sup>eg-har<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)IP)IU)



(12) ((<sup>1</sup>eg-har<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LØE-i<sub>F</sub>)IP)((<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)IP)IU)




Ny deklinasjon skulle då, om me har prefokal deklinasjon som her, vera signal nok på at me har avslutta ein IU. Som eksperiment har eg laga (11') og (12') ved digital spleising. (11') er sett saman av dei tri fyrste fõtene frå dobbelfokuskonturen i (12) saman med siste foten frå (11). (11') skulle difor etter teorien verta oppfatta som ekvivalent med vidfokusen (11) pga. manglande ny deklinasjon. Tilsvarende har eg laga (12') av dei tri fyrste fõtene frå vidfokuskonturen i (11) saman med siste foten i (12). Slik skal me oppfatta (12') som ekvivalent med (12) fordi den ekstra høge H i siste foten vil signalisera ny deklinasjon; sagt på ein annan måte skal konturen til siste foten i (12') gjera at nest siste foten vert opplevd som fokal. Det viser seg at sunnmøringar opplever det nett slik når dei vert bedne om å vurdere akseptabiliteten for situasjon a og b ved (11') og (12').


Eg har sett loddbeine strek på kvar side av den utbytte foten, og i transkripsjonane har eg sett doble skråstrek mellom skøytane, og dei inntolka og dei uttolka IP-grensene er sette mellom skarpe klammer, utan at eg har endra på bruken av store og små bokstavar. Det som stammar frå (12) i konturane (11') og (12'), er ørande lite ulikt konturen i (12), dette av reint tekniske årsaker — sjølvle ljodsignalet er det same.<sup>1</sup>

<sup>1</sup>Merk ogso her i (12') at det som ser ut som ein H fyrst i fjerde foten, berre er støy i samband med ustemde segment.

(11') ((<sup>1</sup>eg-har<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>LØE-i<sub>F</sub>)IP) // [(<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)IP]IU)



(12') (((<sup>1</sup>eg-har<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>)[IP]) [(<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)IP]IU)



I ein IU kan det finnast både to IP-ar og éin IP etterfylgd av eit deklinasjonsområde med IP-eksterne føter. Over har me sett dømet (12) med to IP-ar. Om me set inn noko ikkje-fokalt mellom siste foten i IU-en og den fyrste fokale F-en, vil me unngå at byrjinga på den nye deklinasjonen forstyrrar biletet.

Dømet kan vera som i situasjonane c og d under: Person A veit at person B har måla ei løe, men veit ikkje at det var i Trondheim.

*Situasjon c:*

A: «Har du måla ei løe i Namsos?»

Som svar frå B kjem (13).

*Situasjon d:*


Person C veit òg at person B har måla ei løe, og han har dessutan visse aningar om at det var i Trondheim.

C spør difor: «Har du måla ei løe i Trondheim?»


B svarar med (14).

I (13) fær fyrstepersonspronomenet tematisk fokalitet og bynamnet «Trondheim» rematisk. I (14) vil bynamnet derimot *ikkje* få fokal aksentuering, ettersom «Trondheim» allereie er nemnt av C. I denne posisjonen ville fokus på bynamnet ha vore rematisk, og dermed uakseptabel i denne konteksten. Den intonasjonelle skilnaden på (13) og (14) er altså at «Trondheim» er fokal i (13) men ikkje i (14). Segmentalt er begge identiske med (11) og (12). I (13) er det noko støy i byrjinga av siste foten, det er aspirasjonen i etter plosiven i kombinasjon med vibranten som gjer det.

(13) (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



(14) (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>trondheim<sub>F</sub>)<sub>IU</sub>)




Her ser me ein ny skilnad på fokale og ikkje-fokale føter. Den fjerde foten i (14), som er ikkje-fokal, er mykje flatare enn den tilsvarende fokale i (13). Begge endar på lag like lågt, men *her* ser me at fokaliteten i (13) vert uttrykt ved at H i fjerde foten er høgare enn han er på same stad i (14). Høgda på H-en er altså distinktiv berre i den lægste foten etter ein fokal fot — med alle atterhald, for materialet eg byggjer på her, er lite.

I (13) og (14) ser me òg kvifor me ikkje utan vidare kan bruka åleine kriteriet «ekstra høg H» for å identifisera fokale føter: Den fyrste postfokale foten vil alltid ha ein H som er fonetisk ekstra høg i høve til den fokale foten rett føre, nettopp av di me må byrja på ny deklinasjon der. Ved ny deklinasjon vert grunnlina lyft til topps frå og med den høge tonen i den fyrste postfokale foten.


I tillegg til desse observasjonane ser me at det er skilnad på konturen til tredje foten i (13) og (14). Den interfokale (løe-i) i (13) har ein kontur som minner om ein fokal eller prefokal fot, slik me har sett dei i tidlegare døme. I (14) er tredje foten postfokal men ikkje interfokal, og han har ein mykje flatare kontur. Eg har gjort fleire forsøk både med meg sjølv og andre sunnmøringar, og eg har heile tida fått denne skilnaden i kontur. Det kunne tyda på at me i sunnmørsk må klassifisera dei interfokale føtene som prefokale, med referanse i deira eigen IP. Dette då til skilnad frå austnorsk, der dei interfokale føtene vert klassifiserte som postfokale, med referanse i den fyrste realiseringa av fokalitet i IU-en (Nilsen 1992:29f). Det ber likevel for langt for ei so stutt utgreiing som denne å undersøkje dette nærare.

Eg har likevel undersøkt statusen til konturen i den tredje foten meir pragmatisk og fonetisk. I (13') har eg ved digital spleiseteknikk nytta dobbelfokuskonturen frå (13), men skifta ut tredje foten med den i (14). I (14') har eg teke utgangspunkt i enkelfokuskonturen i (14), men har skifta ut tredje foten med den i (13). Eg har skilt ut tredje foten med loddebeine strek. I transkripsjonen set eg doble skråstrek i skøytane.

(13') (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



(14') (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>trondheim<sub>F</sub>)<sub>IU</sub>)



Eg bad to sunnmøringar om å kommentera (13') og (14') utan kontekst. Vurderingskriteriet vart opplyst å vera om ytringane høyrdest greie ut, eller om det var noko muffens. Signala var godt blanda med andre døme som skulle vurderast på same måte, og alt vart vurdert to gonger, utan at informantane visste kva som var kva.


Begge informantane reagerte på at det var noko rart eller mystisk med slutten på (13'). Den eine informanten nemnde «Trondheim». For (14') kommenterte begge informantane at intonasjonen var grei, men dei la til at det var noko rart på slutten. Den eine kommenterte at sekvensen /de-i/ var noko rar (dvs. dei to siste stavingane i tredje foten).

Etterpå vart ytringane sette i kontekst og skulle vurderast ut ifrå pragmatisk akseptabilitet. Kontekst e var som svar på spørsmålet «har du måla ei løe i Namsos?», og kontekst f som svar på spørsmålet «har du måla ei løe i Trondheim?». Normalt skulle ein venta aksept for e ved fokus på fjerde foten, altso (13'), og aksept for f utan fokus der, altso (14'). Og slik vart det. Det andre alternativet for kvar ytring vart ikkje akseptert.


Dette skulle tyda på at jamvel om det er visse fonetiske (og kanskje fonologiske) skilnader på tredje foten i (13) og (14), so er dei ikkje store nok til å ha pragmatisk fylgjer.

Eg nytta òg den same teknikken til å skifta ut den *siste* foten. I (13'') har me enkeltfokuskonturen frå (14) fyrst, med den fokale sluttfoten frå (13). I (14'') har me dobbelfokuskonturen frå (13) fyrst, med den ikkje-fokale sluttfoten frå (14). (I transkripsjonen har eg sett den inntolka og den borttolka vinstreparentesen for den andre IP-en i skarpe klammer.)

(13'') (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)[(](<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>TRONDHEIM<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



(14'') (((<sup>1</sup>EG-har<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)[(](<sup>2</sup>måla-ei<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>løe-i<sub>F</sub>) // (<sup>2</sup>trondheim<sub>F</sub>)<sub>IU</sub>)



Utan kontekst svara begge informantane at (13'') var rar på slutten, men den eine godtok (14''). Med kontekst fekk me som venta aksept for dobbelfokus (13'') i situasjon e og ikkje f, og aksept for enkelfokus (14'') i situasjon f og ikkje e. Den eine informanten ville likevel ikkje godtaka (13'') i nokon av situasjonane.

Dette vert då same resultatet som for (13') og (14'): Det høyrest fonetisk (eventuelt ogso fonologisk) gale ut, men pragmatisk held det mål.

Om me no etter desse observasjonane og eksperimenta ogso samanliknar den fokale fyrstefoten i (13) eller (14) med den tilsvarande ikkje-fokale i (11) eller (12), so ser me noko som kan vera endå ein skilnad. I den fokale foten ser fraseaksenten ut til å koma lægre i høve til den høge tonen i ordaksenten enn tilfellet er i den ikkje-fokale foten. Ein kan freista å analysera det slik at det i (13) og (14) ikkje er fraseaksenten som er ekstra låg, men ordaksenten som er ekstra høg. Men då gjeng ein glipp av at sunnmørsk kan ha prefokal deklinasjon, og (11) skulle verta synonym med (13), noko han ikkje er.

### 2.3. Identifisering av IU

Fretheim og Nilsen (1989:455) hevdar: «In West Norwegian there is always one declination line per IP, both before and after the first PFP of an IU.» For sunnmørsk ser me likevel av døma (7) mot (8) og (9) mot (10) at det er mogeleg både å ha og å ikkje ha prefokal deklinasjon. Eg har ikkje hatt høve til å finna ut kva som eventuelt styrer dette. Etter den fyrste fokale foten *må* me ha deklinasjon.

Jamvel om det finst prefokal deklinasjon til liks med postfokal, so har me sett at skilnaden i konturane ikkje primært har med dette å gjera. Fretheim (1987:38) nemner for austnorsk, som har høg fraseaksent, at «a nonfocal foot following a focal peak normally has a very flat tone after the fall, with practically no elevation at the end». Med referanse til Gårding (1983) og termen *compressed falling grid* vert dette likevel sett på som ei stiging mot ein H sett i høve til den deklinerande grunnlina i det postfokale området. Dette i motsetnad til «the level grid», som austnorsk har i prefokal posisjon.

I (13) såg me at den interfokale foten hadde ei brattare stiging mot H (i ordaksenten) enn den tilsvarende reint postfokale foten i (14). Medan det i austnorsk er ei fast kopling mellom deklinasjon og komprimert F0-kontur, er det på sunnmørsk sjølve kompresjonsfenomenet som ser ut til å vera fonologisk viktig, og ikkje deklinasjonen. Jf. her skilnaden på konturen til siste foten i (13), som er fokal, og i (14) der han er ikkje-fokal. Skilnaden på H og L i eit komprimert koordinatsystem tek altso utgangspunkt i aksens som stend 90° på grunnlina, medan dette ikkje ser ut til å vera slik ved ukomprimert deklinasjon, der grunnlina rett nok er fallande, men skilnaden på H og L er som ved ikkje-deklinasjon, berre med ein lægre fraseaksent og eit lægre startpunkt i ordaksenten for kvar fot.

I austnorsk vil ein kunna identifisera ein ny IU ved at det ikkje (lenger) er deklinasjon etter ein fokal fot. Slik kan me ikkje gjera det i sunnmørsk, ettersom me kan ha prefokal deklinasjon. Dersom den fyrste IU-en har éin IP i tillegg til IP-eksterne føter, vil me kjenna att den andre IU-en på at den eventuelle prefokale deklinasjonen ikkje er komprimert. Eg har ikkje undersøkt korleis det er med føter etter ein andre IP i ein IU, om ogso desse er komprimerte.

Der den fyrste IU-en har dobbelt fokus, vil me identifisera den andre IP-en som medlem av den fyrste IU-en på grunnlag av den høge H-en i den fyrste postfokale (eller om ein vil: interfokale) foten. Føtene i den andre IP-en ser elles ut til å ha same kontur som føter i andre deklinerande og ukomprimerte område. Me ser både i (13) og (14) at den fyrste postfokale foten har ein høgre H enn den fokale fyrstefoten.

Eit siste fenomen som skal nemnast i samanheng med IU-nivået, er grensetonen. I austnorsk vil grensetonen gjerne vera låg, berre etter ein ytringsfinal fokal fot kan grensetonen vera både høg og låg (Fretheim 1992:161). I sunnmørsk er det på same måten. Grensetonen kan vera høg berre etter ein ytringsfinal fokal fot. Ved høg grensetone vil fraseaksenten framleis vera låg.

### **3. Nokre prosodiske fenomen i sunnmørsk**


#### **3.1. Foteksterne stavingar**

Ettersom ein fot alltid byrjar med tonelagsrealisering, vil alle stavingar før den fyrste tonelagsrealiseringa vera foteksterne. Desse skal eg ikkje kommentera her. Her skal eg berre nemna dei ytringsinterne foteksterne stavingane. Etter ein fokal fot kan me få slike. Me kjenner


dei att på at dei har ein høg tone (eller stiging til ein slik, jf. spesielt fig. i døme (16) a og b) utan noko fall til fraseaksent, sidan fraseaksenten er fotintern.

Ein fokal fot kan verta avslutta med overgang til fotekstjerne stavingar, slik at foten kan enda både mellom ordformer og inne i ei ordform. Ei ordform kan altso hamna halvvegs utom foten. Det verkar på meg som om fotekstjerne stavingar er moglege berre når ogso den fyrste foten etter er fokal, men eg har ikkje undersøkt det nærare. I (15) har me ein IU utan fotekstjerne stavingar, i (15') og (15'') har me dei. Segmentalt er (15) /<sup>1</sup>en <sup>1</sup>te: en <sup>1</sup>u;sa:ka <sup>1</sup>e: æi skan<sup>2</sup>da:le/ 'NTNU-saka er ein skandale'. (15') og (15'') er /<sup>1</sup>en <sup>1</sup>te: en <sup>1</sup>u;sa:ka e æi skan<sup>2</sup>da:le/. Eg har som vanleg sett loddbene strek mellom føtene, men i (15') og (15'') er det fjerde feltet ikkje nokon fot, men eit foteksternt område.


(15) (((<sup>1</sup>en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>te-en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>U-saka<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>er-ei-skan<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>DALE<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



(15') (((<sup>1</sup>en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>te-en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>U-saka<sub>F</sub>)er-ei-skan<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>DALE<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)




(15'') (((<sup>1</sup>en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>te-en<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>U-sak-<sub>F</sub>)a-er-ei-skan<sub>IP</sub>)(<sup>2</sup>DALE<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)




Ein *éinstava* tonem 1-fot som kjem etter slike foteksterne stavingar, vil berre ha ein låg tone, altså L i staden for HL. Ved eventuell høg grensetone vil me få ei realisering av LH (mot elles HLH). (16) a og b er segmentalt /an<sup>2</sup>gudmünd laga<sup>1</sup>ru:t/ ‘han Gudmund lagar rot’. Til vinstre for fyrste streket stend /an/, so kjem fyrste foten (GUDMUND), deretter det foteksterne *lagar*, før siste foten.

(16) a. ((han(<sup>2</sup>GUDMUND<sub>F</sub>)lagar<sub>IP</sub>)((<sup>1</sup>ROT<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)L%IU)



(16) b. ((han(<sup>2</sup>GUDMUND<sub>F</sub>)lagar<sub>IP</sub>)((<sup>1</sup>ROT<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)H%IU)




### 3.2. Oksytonering

Selmer (1948) er éin av dei som har registrert at sunnmørsk har etterlekkstrykk i samansette ord der andre dialektar gjerne har tonem 2 etterflygt av sekundærtrykk. I sunnmørsk vil me etter denne analysen heller få sekundærtrykk etterfylgt av tonem 1.<sup>1</sup> Fordelinga av trykk er den same som i andre dialektar, men det tykkjest vera ein restriksjon på realiseringa av tonelaga. Slik skal ordforma *vanedyra* uttala i isolasjon verta transkribert som i (17) heller enn (18). Sameleis må ein transkribera ytringa *ho snakka om vanedyra* som (19) for sunnmørsk og (20) for dei fleste andre dialektar. I illustrasjonen til (17) er det eg sjølv som talar, i (18) ei jente frå Ytre Sogn. I (17) er starten konturen merkt av støy pga. segmentet /v/. Etter sjølv tale-signalet gjeng konturen sameleis oppover pga. støy. Eg har teke med spektrogram både av denne grunnen og for å visa


<sup>1</sup>I samansetjingar der kvar av dei to lekkane har éi staving, vil me få tonem 2, t.d. i *Trondheim*. Me finn dessutan leksikaliserste restar av eit eldre prosodisk system i ord som *tausunge* og *gutunge*, der fyrste stavinga er heilt trykklett.

kvar dei fonetisk høge og låge tonane er plasserte i høve til segmentalplanet. For skuld oversynet vil eg i (17)–(26) og i mellomliggjande unummererte døme i teksten markera sekundærtrykk ogso i den prosodiske transkripsjonen.

(17) /va:ne<sup>1</sup>dy:ra/, ((vane(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)



(18) /<sup>2</sup>va:ne,dy:ra/, (((<sup>2</sup>VANEDYRA<sub>F</sub>)IP)IU)



(19) ((ho (<sup>2</sup>snakka-om<sub>F</sub>),vane<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)

(20) ((ho (<sup>2</sup>snakka-om<sub>F</sub>)(<sup>2</sup>VANE<sub>F</sub>,DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)

No er det berre det at anten ein uttalar det som i (17) og (19) eller som i (18) og (20) (dei sistnemnde er umogelege på sunnmørsk, men obligatoriske t.d. i Ytre Sogn), so vil tonerørsla gjennom ordforma fonetisk sett vera LHL. Einaste skilnaden er at den høge tonen vert realisert på tredje stavinga i (17) og andre stavinga i (18). Ein kunne då tenkja seg at (17) fonologisk sett er tonem 2, men med ei morfologisk avhengig assosiering av den høge tonen til fyrste stavinga i andre samansetjingslekken.

Eg vil visa at denne teorien ikkje stemmer, og at det dreier seg om eit reelt tonem 1 på tredje stavinga i ordforma.

### 3.2.1. Evidens i foteksterne stavingar


Dersom tonelaget ligg på tredje stavinga i *vanedyra*, tyder det at dei to fyrste stavingane anten kan koma i halen på foten framføre, eller dei kan verta realiserte foteksternt som i kap. 3.1. Dei kan pr. definisjon ikkje verta realiserte fyrst i ein fot, sidan ein der skal ha tonelagsrealisering.

Foteksterne stavingar skal etter Nilsen (1995:120) vera fonologisk tonalt frie. Dersom fyrstelekken *vane* ikkje er ein del av tonelagsrealiseringa, vil den fonetisk låge tonen fremst i (17) vera låg her reint tilfeldig. Foteksternt og ytringsinternt må denne lekken ha ein fonetisk høg tone eller ei stiging til ein slik, som det er skildra i kap. 3.1.


Dette tyder at det skulle vera mogeleg å seia noko slikt som (((<sup>1</sup>der)(<sup>1</sup>LIGGER<sub>F</sub>)no-,vane<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU) /<sup>1</sup>dæ:r <sup>1</sup>lige nu ,va:ne<sup>1</sup>dy:ra/, der *no-vane* fær (stiging til) ein høg tone før fallet HL for tonem 1 i *DYRA*. Dette er fullt mogeleg, som vist i (21).

Derimot vil (21'), som er digitalt spelisa frå (21) og (17), vera umogeleg. Der er berre *no* sett foteksternt, medan *vanedyra* er plassert som om det skulle ha vore tonem 2, altso utan at *vane* er fonetisk høg. I valet mellom å transkribera (21') misvisande (med tonem 2 i siste foten) og å transkribera det i strid med Trondheimsmodellen har eg valt det siste, sidan konturen likevel er ugrammatisk. (21') er spleisa midt i segmentet /v/, med (21) til vinstre og (17) til høgre for det loddbeine streket.

(21) (((<sup>1</sup>der)(<sup>1</sup>LIGGER<sub>F</sub>)no-,vane<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)




(21) \*(((<sup>1</sup>der)(<sup>1</sup>LIGGER<sub>F</sub>)no<sub>IP</sub>) // ((vane<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)




På same vis: Dersom person A byrjar på ei ytring, stend fast, men person B fullfører for A, so vil preaksentuelle stavingar i fullføringa verta realiserte med ein fonetisk høg tone. Me kan tenkja oss A snakka om ein person som var avhengig av insulinsprøyter: «Han er...» So fær han jarnteppe, men vert hjelpt av B: «diabetikar». Bs svar vil då sjå ut som i (22) med to foteksterne stavingar fyrst: ((...dia<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>BETIKAR<sub>F</sub>)IP)IU). Desse foteksterne vil i ein slik kontekst oppføra seg *som om* dei var ytringsinterne (ikkje ytringsinitiale), og verta realiserte som fonetisk høge, lik dei foteksterne stavingane etter fokale føter (derav transkripsjonen med *dia* i ein IP utan noko transkribert fokalt element). Det same skjer i (23), som er Bs hjelpande fullføring ((...,vane<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU) når A seier: «Der låg dei, veit du, desse...».

(22) ((...dia<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>BETIKAR<sub>F</sub>)IP)IU)



(23) ((...,vane<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>DYRA<sub>F</sub>)IP)IU)




### 3.2.2. Evidens i opphopp

Fretheim og Nilsen (1989) nemner som ein variabel *opp hopp* (eng. *upskip*) mot *opp gliding* (eng. *upglide*) i tonem 2-føter. Dei har funne både ei gliding frå L til H på fyrste stavinga i foten, og dei har funne hopp slik at L og H vert realiserte på kvar si staving. Dei har funne geografiske tendensar i distribusjonen av desse strategiane, men har ikkje undersøkt eventuelle språklege føresetnader. Dette siste har eg gjort i kap. 2.1 over, og eg fann oppgliding i fokale og deklinerande tonem 2-føter på to stavingar; elles er det opphopp.


I ei ytring som (24) skal me då få oppgliding i fyrste foten, fordi han er ein fokal tostava tonem 2-fot. Derimot skal me i (25) få opphopp fordi den fyrste foten har fleire enn to stavingar, nemleg samansetjingslekken *vane* i *vanedyra*.

Og slik vert det òg. Me ville ikkje hatt opphopp i fyrste foten i (25) om ikkje den foten var på meir enn to stavingar. Altso må *vane* høyra til den fyrste foten og ikkje den andre.

(24) (((<sup>2</sup>ALLE<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)((<sup>1</sup>dyra<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>SØVER<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



(25) (((<sup>2</sup>ALLE-<sub>vane</sub>F)<sub>IP</sub>)(<sup>1</sup>dyra<sub>F</sub>)(<sup>1</sup>SØVER<sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>)



Det skulle då vera all grunn til å sjå det slik at i ordforma *vanedyra* er den høge tonen på tredje staving eit uttrykk for tonem 1, og ikkje for tonem 2. At me i sunnmørsk fær dette etterlekkstrykket i staden for tonem 2 etterfylgt av sekundærtrykk, er grammatisk avhengig, og ikkje leksikalsk. Dette aksentbrigdet ved samansetjing av ord skulle ikkje vera verre enn at det same ordet, *vanedyra*, i Ytre Sogn og dei fleste andre dialektar ikkje fær realisert tonelag i andre samansetjingslekken.

Det finst jamvel minimale par med usamansette mot samansette ord. Eg vil her berre nemna eit døme: «*Dei var likeglade*» vil verta strukturert som (((*dei-var-like*<sup>(1)GLADE</sup><sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>), medan «*Dei var like glade*» har strukturen (((*dei-var*<sup>(2)LIKE-glade</sup><sub>F</sub>)<sub>IP</sub>)<sub>IU</sub>).

### 3.3. Trykk og aksent

Alle innføringsbøker i norsk fonetikk og fonologi gjer greie for forholdet mellom (ekspiratorisk) trykk og (melodisk) aksent: Ei staving kan anten ha trykk eller ikkje trykk. Derson ho har trykk, kan ho ha tonerørsle eller ikkje. Utan tonerørsle har ho sekundærtrykk, med tonerørsle har ho primærtrykk. Tonerørsla kan vidare skje på to måtar. Er det éin tone innblanda, er det tonem 1; er det to tonar innblanda, er det tonem 2.

Ein skil då mellom trykk og aksent, og tonelagsrealisering kan altså skje berre i stavingar med trykk, berre trykkstavingar kan vera aksentuerte.


I kap. 3.2 såg me at me i samansette ord fær ei forskuving av tonelagsrealiseringa til ei staving i andre samansetjingslekken, samstundes som tonelaget då vert tonelag 1.

Dersom andre samansetjingslekken uttala isolert *ikkje* har trykket på fyrste stavinga, som *kollega*, so kan ein i ei samansetjing som *lærarkollega* få tonelagsrealiseringa på nest siste

stavinga, altså der det ligg i lekken isolert. Men ein kan òg få tonelagsrealiseringa på stavinga *koll*. I ordforma *fyrsteamanuensis* vil tonelagsrealiseringa alltid koma på stavinga *am*, og i *Folkeuniversitetet* alltid på *un*.<sup>1</sup>

Både stavinga *koll*, stavinga *am* og stavinga *un* vil vera korte, dvs. trykklette. Likevel vil dei få ein høg tone. Eg tek berre dømet *lærarkollega* her. Segmenta /læ:r/ tek ca. 385 ms, segmenta /kul/ tek ca. 315 ms. Av desse tek /k/ åleine (inkludert aspirasjonsfasen) ca. 170 ms, /u/ ca. 70 ms, /l/ ca. 80 ms. Til samanlikning med fyrste staving tek /l/ ca. 115 ms, /æ:/ ca. 250 ms, /r/ ca. 20 ms. I siste stavinga, som er eintydig trykklett, tek /a/ ca. 150 ms (denne siste er noko vanskeleg å måla lengda på fordi han stend i absolutt utljod).

(26) ((lærar<sup>1</sup>KOL,LEGA<sub>F</sub>)IP)IU)



Det skulle vera urimeleg å tolka den høge tonen på tredje stavinga er som noko anna enn tonelagsrealisering. Det er den einaste høge stavinga i heile IU-en, og kjem attpå midt inni. Skulle det vera noko foteksternt, so måtte me ha fått minst eitt tonelag realisert annanstads, noko me heilt tydeleg ikkje har. At dømet er ein IU med berre éin fot (som difor er fokal), har ingenting å seia, fenomenet dukkar konsekvent opp uavhengig av plasseringa i det prosodiske hierarkiet.

Dette bryt med mykje av den grunnleggjande skulelærdomen om trykk og tonelag. Tonelag kan altså realiserast på trykklette stavingar i visse høve. Men om dette bryt med delar av skulelærdomen, so styrkjer det ein annan del av honom, nemleg det eksplisitte skiljet nettopp mellom trykk og aksent. Når me ser at aksenten kan oppføra seg so fritt som dette, so er det berre eit argument for dette skiljet: Trykk og aksent fylgjest som regel åt, men dei er ulike språklege storleikar, og må skiljast åt i analysen.

<sup>1</sup>Eg tek her atterhald om korleis stavingane skal avgrensast lineært.

#### 4. Nokre konklusjonar

Eg har freista å stella opp ei grunnstrukturering av sunnmørsk etter Trondheimsmodellen for norsk intonasjon. Eg har vist at sunnmørsk fokalitet ikkje utan atterhald vert realisert med ein ekstra høg topp; tvert imot tykkjest fokale føter å vera knytte til relativt låge tonar. I døma mine har heile den fokale foten lege lægre enn omgjevnadene, eventuelt er fraseaksenten ekstra låg. Eg vil tru at meir systematiske undersøkingar vil gjeva oss fleire detaljar.

Austnorske og sunnmørske ordtonar har motsette konturar: Tonem 1 er H i vest og L i aust; tonem 2 er tilsvarande LH og HL. Fraseaksenten er òg motsett: L i vest og H i aust.

Til skilnad frå austnorsk har sunnmørsk prefokal deklinasjon, og det slik at ein kan veksla mellom deklinasjon eller ikkje før den fyrste fokale foten. Eg har ikkje funne ut kva som styrer denne vekslinga.

Deklinasjon er likevel ikkje det same som komprimert koordinatsystem. På denne bakgrunnen ser interfokale føter ut til å måtta klassifiserast som prefokalt deklinerende etter konturane å døma. Etersom kompresjon av matematiske/fysiske årsaker berre kan koma føre under deklinasjon, vil det vera rimeleg å gå ut ifrå at det i austnorsk er trongen for postfokal kompresjon som utløyser deklinasjonen.

I tillegg til desse generelle grunnstruktureringane har eg presentert nokre grunntrekk ved sunnmørsk oksytonering, og med eit spesialtilfelle av dette har eg skilt empirisk mellom trykk og aksent: sunnmørsk kan ha tonelagsrealisering på trykklette stavingar.

Samanlikningane mellom sunnmørsk og austnorsk har vore tilfeldige, men har likevel gjeve eit inntrykk av korleis slikt kan krevja nyvurderingar av gamle analysemodellar. Vonleg byd det seg ein gong eit høve til å gå meir systematisk til verks enn dette.

## Litteratur

- Alnæs, Ivar 1916. *Norsk Sætningsmelodi*. Kristiania: H. Aschehough & Co.
- Fretheim, Thorstein 1987. «Phonetically Low Tone–Phonologically High Tone, and Vice Versa.» I: *Nordic Journal of Linguistics* 10. 35–58.
- Fretheim, Thorstein 1992. «The Norwegian ‘Boundary Tone Agreement’ Condition.» I: Costas Canakis et al. (red.): *Papers from the 28th Meeting of the Chicago Linguistic Society*. 159–170.
- Fretheim, Thorstein og Randi A. Nilsen 1989. «Romsdal Intonation: Where East and West Norwegian Pitch Contours Meet.» I: J. Niemi (red.): *Papers from the Eleventh Scandinavian Conference of Linguistics* Vol. 2. Joensuu. 442–458.
- Gårding, E. 1983. «Superposition as an invariant feature of intonation.» Innlegg på symposium om «Invariance and Variability», MIT.
- Nilsen, Randi A. 1992. *Intonasjon i interaksjon — sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Universitetet i Trondheim.
- Nilsen, Randi A. 1995. «Intonasjon i interaksjon: sentrale spørsmål i norsk intonologi. Doktordisputas ved Universitetet i Trondheim/AVH, 22. mai 1993. Svar frå doktoranden.» I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1995. Oslo: Novus. 111–122.
- Selmer, Ernst W. 1948. *Sunnmøre-studier. Musikalsk og dynamisk aksent, halvemål, den stungne d*. Oslo: Dybwad (komm.).